



ÅRSRAPPORT FOR TEATERÅRET 2024

SAMANDAG

Teater Vestland er det regionale turnéteateret for Vestland fylke. Årsrapporten gir innblikk i aktivitet, resultat og utvikling i 2024 – frå Nynorskhuset i Førde til scener i heile fylket.

Teater Vestland skapar scenekunst på nynorsk – for heile Vestland. Med base og scene i Nynorskhuset i Førde turnerer vi breitt og bygg møte mellom kunst og publikum i eit mangfaldig fylke.

Innhald

1.0 Leiarens melding	2
1.1 Kunst og publikum	2
1.2 Nynorskhuset og nye rom	2
1.3 Kompetanse og samarbeid	2
1.4 Takk	3
2. Mål og hovudprioriteringar for 2024	4
2.1 Statlege mål og føremål	4
2.2 Organisasjon	4
2.3 Nøkkeltal	5
2.4 Rekneskapsprinsipp	6
3. Årets aktivitet og resultat	6
3.1 Resultat og oppnåing av mål	6
3.2 Ressursbruk	11
4. Føresetnader for tilskot	17
4.1 Internkontroll	17
4.2 Tryggleik og beredskap	18
4.3 Berekraft og klimaavtrykk	18
4.4 Likestilling, mangfald og deltaking	19
4.5 Forsvarleg og effektiv drift	21
4.6 Utstys- og eigedomsforvaltning	21
4.7 Pensjonsforpliktingar	21
4.8 Eigeninntekter	22
4.9 Følgjebevis	23
5. Vurdering av framtidsutsikter	23
6. Scenestatistikk og årsrekneskap	25
6.1 Scenestatistikk	25
6.2 Årsrekneskap med notar	26

1.0 Leiaren si melding

2024 har vore eit år for utvikling, for fordjuping – og for å ta nye steg. Etter eit år med høg aktivitet og kunstnarleg spennvidde står Teater Vestland godt planta i rolla si som regionalt turneteater, språkpolitisk aktør og pådrivar for scenekunst av høg kvalitet – både i Nynorskhuset og på turné.

1.1 Kunst og publikum

Gjennom året har vi halde fram med å bringe scenekunst ut i regionen. Med produksjonar som *Tollak til Ingeborg*, *@Ragnarok08*, *Alle fantastiske ting*, *Pusterom* og *Skjønnheita og Udyret* har vi møtt publikum i kulturhus, idrettshallar og bygdehus – med både store og små format, og eit klart mål: å gjere profesjonelt teater tilgjengeleg for fleire, oftare. Bygdehusturnemodellen *Lys i bygda*, der billettinntektene går direkte til lokale arrangørar, har blitt vidareutvikla og møtt med entusiasme.

Publikum kjem gradvis tilbake etter pandemien, og det inspirerer oss. *Tollak til Ingeborg* vart ein viktig produksjon – både kunstnarleg og publikumsmessig. Eit høgdepunkt var nominasjonen av Kyrre Eikås Ottersen til Heddaprisen for beste skodespelar i hovudrolle. Nominasjonen er ei sterk anerkjening av framsyninga og produksjonslaget sitt arbeid.

Repertoaret har vore samla under overskrifta **Sanninga**. Vi har undersøkt korleis sanning blir skapt, utfordra og forvrend – i små kvardagslege situasjonar og i store forteljingar. *@Ragnarok08* utforska yringsfridom i ei interaktiv, teknologibasert framsyning for ungdom. *Skjønnheita og Udyret* tok opp manipulasjon og urett. Og i *Tollak til Ingeborg* fekk publikum møte eit språksterkt, menneskeleg drama – i samarbeid med Riksteatret.

1.2 Nynorskhuset og nye rom

2024 har også vore det første heile driftsåret i Nynorskhuset – ei ny storstove for scenekunst, språk og samarbeid. Huset har vore i høg bruk med eigne produksjonar, gjestespel, kurs, kaféarrangement og partnerskap med Førde Mållag, Sunnfjord bibliotek og Førdefestivalen. Teater, radio og avis – Teater Vestland, NRK og Firda – deler no adresse og ambisjonar. Vi er i ferd med å finne forma, og ser kor stort potensialet er.

Satsinga på barn og unge vart avslutta som eiga programsatsing i 2024 etter fire år, men arbeidet held fram. Vi har hatt tre teaterskular gjennom året, og kulturskulesamarbeidet har gitt fast øvingsrom i Nynorskhuset. Vi meiner kunsten må vere tilgjengeleg for dei yngste – ikkje berre som publikum, men som deltakarar.

1.3 Kompetanse og samarbeid

Eit av dei viktigaste stega i 2024 var etableringa av Nynorsk scenespråksenter. Portalen vart lansert hausten 2024, og over 90 kvalifiserte søknader kom inn til dei åtte første plassane i dei første kulla. Senteret startar opp i 2025 og skal tilby etterutdanning i nynorsk skrift, tale og dialekt. Dette er viktig – for scenekunsten, språket og det offentlege ordskiftet.

Vi har òg etablert eit amatørteatertilbod for vaksne, som allereie har vist seg verdifullt for lokalmiljøet i Sunnfjord. Vi samarbeider med kulturskule og det frie feltet, og vil vere ein ressurs for kunstnarar og eldsjeler i heile Vestland. Tre kompani har hatt prøverom hos oss i 2024, eitt av dei i samarbeid med Norsk Skuespillersenter.

Den store satsinga på teater og ny teknologi vart avslutta i 2024 etter fire år. *Torn & Rose i Eventyrland*, vår VR-baserte samproduksjon, har vunne seks internasjonale prisar og sett ny standard for digital scenekunst i Noreg. Erfaringane vil prege arbeidet vårt framover.

1.4 Takk

Til slutt: Ei stor takk til alle som har gjort 2024 til eit år vi kan vere stolte av. Dei tilsette ved Teater Vestland har vist eit imponerande engasjement og møtt utfordringar med profesjonalitet og pågangsmot. Dykkar innsats har løfta både turnéverksemda og etableringa av Nynorskhuset som levande møteplass.

Takk òg til kunstnarane som har gitt alt og skapt sterke møte mellom scene og sal, og til publikum som har funne vegen til både Nynorskhuset og turnéframsyningane våre. Dykkar støtte gir mening til heile samfunnsoppdraget vårt.

Ei særleg takk går til Sparebanken Vest og SpareBank 1 Sogn og Fjordane for raus støtte som har vore avgjerande for å få Nynorskhuset i drift og utvikle nye prosjekt som styrkjer scenekunsttilbodet i regionen. Vi takkar òg Vestland fylkeskommune for viktig støtte inn i Nynorsk scenespråksenter og for innsatsen deira i å styrkje scenekunst og språkleg mangfald i regionen.

Saman har vi lagt eit sterkt grunnlag for framtida. Eg ser fram til alt vi skal få til saman vidare – på scena, på vegen og i møte med publikum over heile Vestland.

Kristina Kjeldsberg

Konstituert teatersjef

For styret i Teater Vestland

Rasmus Mo

Styreleiar

Årsrapporten for 2024 er signert av konstituert teatersjef Kristina Kjeldsberg, som overtok stillinga i februar 2025. Ho har ikkje hatt ansvar for verksemda i 2024, men signerer rapporten i si noverande rolle som dagleg leiar, basert på dokumentasjon frå året og i samråd med styret.

2. Mål og hovudprioriteringar for 2024

2.1 Statlege mål og føremål

I tildelingsbrevet til Teater Vestland for 2024 står det at målet med tilskotet frå Kulturdepartementet er eit ledd i regjeringa sin politikk på musikk- og scenekunstormrådet, jf. Prop. 1 S (2023–2024):

- å legge til rette for produksjon og formidling av ulike musikk- og scenekunstuttrykk av høg kvalitet over heile landet
- kunstnarisk utvikling og fornying av musikk- og scenekunstuttrykk
- eit musikk- og scenekunsttilbod som er tilgjengeleg for breie og mangfaldige publikumsgrupper

Tilskotet er nytta i samsvar med måla som er oppgitt i søknaden for 2024. Resultatmåla er sett opp med utgangspunkt i tildelingsbrevet, og skal bidra til Kulturdepartementet sine overordna mål for kulturformål. Teateret skal sikre høg kvalitet og god bruk av ressursane i samsvar med desse måla.

2.1.1 Mål for Teater Vestland

Med utgangspunkt i føremålet for verksemda og visjonen vår: «*Vi skal røre folk med opplevingar dei ikkje har hatt før*», har Teater Vestland i 2024 arbeidd målretta for å skape eit profesjonelt, mangfaldig og tilgjengeleg teatertilbod i heile Vestland fylke.

Arbeidet er samla om seks hovudmål som speglar både samfunnsoppdraget vårt og dei nasjonale måla for scenekunstoffet:

1. Relevant profesjonelt teatertilbod til publikum i Vestland
2. Turnéverksemd – scenekunst til heile Vestland
3. Teater Vestland i Nynorskhuset første driftsår
4. Utvikling av nynorsk som scenespråk
5. Fireårig satsing på scenekunst for og med barn og unge – avslutta som eiga satsing i 2024, men med vidare aktivitet
6. Teater og ny teknologi

2.2 Organisasjon

Teater Vestland er lokalisert i Nynorskhuset i Førde, med administrasjon, produksjons- og framsyningslokale. Nynorskhuset stod ferdig i 2023 og er tilrettelagt for moderne teaterdrift, med gode fasilitetar for publikum, kunstnarar og teknisk personale. Samlokaliseringa med NRK og Firda gir dagleg kontakt med andre samfunnsaktørar og opnar for nært samarbeid.

Flyttinga har gjort teateret meir synleg og tilgjengeleg i Førde sentrum. Det har ført til auka aktivitet i bybiletet, fleire publikumsretta tilbod i nærleik av kvarandre og tettare samhandling med andre kulturinstitusjonar. Nynorskhuset har etablert seg som ein viktig møteplass for språk og scenekunst, og gir Teater Vestland ein tydeleg base i sentrum.

Teateret vil halde fram med å arbeide for berekraftig utvikling og eit framtidsetta teatertilbod for innbyggjarane i heile Vestland.

Aud Marie Åsen tok til som direktør i januar 2024. I løpet av året er det sett i gang fleire prosessar for å vidareutvikle organisasjonen og styrke arbeidsmiljøet. Ei arbeidsmiljøkartlegging (MTM) er gjennomført i samarbeid med bedriftshelsetenesta Avonova, og resultata blir følgt opp i organisasjonen i 2025. Det er også innført nye system for HR og HMS som del av profesjonaliseringa av interne strukturar og rutinar.

Organisasjonen har utvikla nye samarbeidsformer og fagleg utvikling, mellom anna gjennom etablering av Nynorsk scenespråksenter, vidareføring av prosjekt for barn og unge, og satsing på amatørteatertilbod i samarbeid med kulturskule og det frie feltet.

Bemanning per 31.12.2024

Teater Vestland hadde 23 fast tilsette, inkludert to skodespelarar.

Total bemanning utgjorde 33,9 årsverk, fordelt slik:

- Administrasjon: 2 årsverk
- Marknad, kommunikasjons- og salsavdeling: 3,5 årsverk
- Produksjonsavdeling: 4,1 årsverk
- Teknisk avdeling: 10 årsverk
- Kunstnarleg avdeling: 3,2 årsverk
- Prosjekttilsette: 11,1 årsverk
(kunstnarlege lag, frilansarar, Nynorsk scenespråksenter, instruktørar etc.)

Styre og leiargruppe per 31.12.2024

Styret	Leiargruppe
Rasmus Mo – styreleiar (Fylket)	Cecilie Grydeland Lundsholt – teatersjef
Rune Hegrenes – nestleiar (Kommunen)	Aud Marie Åsen – direktør
Hanne B. Oftedal – styremedlem (Fylket)	Anders Nybø – produksjonssjef
Tora Hodneland Kildehaug – styremedlem (Fylket)	Lene Grande – informasjons- og marknadssjef
Marion Aas Wie – styremedlem (tilsettrepresentant)	Theodor Wilhelm Torne – teknisk sjef
1. varamedlem Gunn Åmdal Mongstad (Fylket)	
2. varamedlem Senea Sabanovic (Fylket)	
3. varamedlem Tommy Sævareid (Fylket)	
1. varamedlem Reidun Støfring (Tilsette)	
2. varamedlem Idun Losnegård (Tilsette)	

2.3 Nøkkeltal

Oversikt over nøkkeltal for økonomi, årsverk og publikumstal går fram av vedlagde årsrekneskap, notar og scenestatistikk. Tabellen viser utvikling i produksjonar, framsyningar, publikumstal og andre aktivitetar gjennom 2024 – både på eiga scene og på turné.

2.4 Rekneskapsprinsipp

Frå og med rekneskapsåret 2024 har Teater Vestland gjort ei endring i praktiseringa av rekneskapsprinsippa for produksjonskostnader.

Tidlegare blei kostnader ført etter periodiseringsprinsippet, der utgiftene blei resultatførte i det året dei oppstod – uavhengig av når produksjonen hadde premiere eller inntektene kom inn. Dette gav eit bilete av kostnadene i sanntid, men kunne føre til mindre samanheng mellom utgifter og dei tilhøyrande inntektene.

Frå 2024 følgjer teateret i staden samanstillingsprinsippet, i tråd med rekneskapslova § 4-1. Det inneber at produksjonskostnader blir resultatførte i det året produksjonen har premiere og hovuddelen av inntektene kjem inn. I teaterfeltet er det vanleg at produksjonar blir utvikla over fleire år, og at utgifter derfor fordeler seg over tid.

Ved å balanseføre desse kostnadene og eventuelle tilskot fram til premiereåret, oppnår vi betre samanheng mellom inntekter og kostnader – og ein meir rettvissande rekneskap for produksjonsverksemda. Endringa er i tråd med god rekneskapsskikk for prosjektbasert kulturverksemd, og gjer rekneskapen meir informativ og relevant for vurdering av den økonomiske utviklinga.

3. Årets aktivitet og resultat

3.1 Resultat og oppnåing av mål

Teater Vestland får driftstilskot frå Kulturdepartementet som ein del av regjeringa sin politikk for musikk og scenekunst, jf. Prop. 1 S (2023–2024). Målet med tilskotet er å leggje til rette for produksjon og formidling av scenekunst av høg kvalitet over heile landet, fremje kunstnarleg utvikling og fornying, og sikre at scenekunsttilbodet når eit breitt og mangfaldig publikum.

Måla for Teater Vestland er fastsette i samsvar med desse nasjonale føringane og konkretiserte i budsjettsoknaden frå teateret. Rapporteringa under er strukturert etter dei seks hovudmåla som teateret har arbeidd etter i 2024. I tråd med vanleg praksis for regionteatera blir måloppnåing vurdert av teateret sjølv, basert på ein samla gjennomgang av erfaringar frå året som har gått. Vurderingane tek utgangspunkt i kvalitative og kvantitative indikatorar, og inkluderer innsikt frå produksjonane sine kunstnarlege lag, administrasjon, samarbeidspartnarar og publikumsrespons.

Vi legg vekt på at denne gjennomgangen er forankra i teaterets profesjonelle vurderingsevne og måloppfølging – med eit overordna ansvar for å bruke offentlege midlar på ein måte som gir høg kunstnarleg og samfunnsmessig verdi.

3.1.1 Mål: Relevant profesjonelt teatertilbod til publikum i Vestland

Teater Vestland har i 2024 levert eit scenekunsttilbod prega av både nytenking og forankring i lokalmiljøa våre. Gjennom fem turnéproduksjonar, eitt spel, tre framsyningar for Nynorskhuset og heile åtte gjestespel, har vi vist eit mangfald i uttrykk, format og publikumsopplevingar.

Ungdomsframsyninga *@ragnarok08* peika seg ut som eit høgdepunkt med si aktive bruk av teknologi: ved hjelp av mobiltelefonen kunne publikum påverke utviklinga i forteljinga. Denne forma for interaktivt teater gav gjenklang i Den kulturelle skulesekken, og viste at unge publikummamarar ønskjer å bli tekne på alvor, både som deltakarar og medskaparar. Denne produksjonar var eit samarbeid med Moster 2024 i høve jubileet som markerte at det var 1000 år sidan Olav Den Heilage innførte kristenretten på Moster.

Gjennom grendehusturneen *Hus vi er glade i* har vi vidareført ambisjonen om å møte publikum der dei bur, med intime og nært formidla historier. Duncan Macmillans *Alle fantastiske ting* og *Pusterom* har begge fått varme mottakingar i bygder rundt om i fylket.

Hausten 2023 hadde *Tollak til Ingeborg* urpremiere, og turnerte nasjonalt i samarbeid med Riksteatret. I 2024 fekk framsyninga møte eit nytt publikum i eigen region, med gode besøkstal. Den familieretta produksjonen *Skjønnheita og Udyret* fann vegen til både kulturhus og idrettshallar – og synta at eventyra framleis har ei sterk tiltrekkingskraft når dei vert fortalde med omsorg og musikalitet.

Nynorskhuset i Førde har utvikla seg til å bli eit levande kunstnarleg sentrum, med både gjenopptakingar, nye framsyningar og møte mellom scenekunst og andre kunstformer. *Send storm* og *Belle Guinness* fekk begge nye speleperiodar, og *Alle fantastiske ting* vende tilbake i haust etter sterk publikumsrespons. Vi skapte også *Mysteriet i Nynorskhuset*, eit spesialtilbod for 1. trinn i Sunnfjord kommune, der barna fekk oppleve magien med teater heilt gratis i jakta på Ivar Aasen sitt nynorskfrø.

Med konseptet *Teaterkafé* inviterte vi publikum inn til samtalar, opplesingar og foredrag – og utvida opplevinga av scenekunsten. Åtte ulike gjestespel, blant dei Riksteatret, vitja huset i løpet av året. Det årlege Kinnaspelet vart gjennomført med eit profesjonelt kunstnarleg lag og 160 lokale amatørar – ei påminning om krafta som ligg i å skape saman, på tvers av roller og erfaring.

3.1. 2 Mål 2: Turnéverksemd – scenekunst til heile Vestland

Teater Vestland har også i 2024 halde fast ved ambisjonen om å gjere profesjonell scenekunst tilgjengeleg for publikum i heile fylket – frå dei største kulturhusa til grendehus og idrettshallar. Gjennom turnéproduksjonane *Tollak til Ingeborg*, *@ragnarok08*, *Alle fantastiske ting*, *Pusterom* og *Skjønnheita og Udyret* har vi nådd både born, ungdom og vaksne – med historier som spenner frå det nære og sårbare til det storslåtte og eventyrlege. I tillegg vart *Kinnaspelet* gjennomført i det unike landskapet på øya Kinn, i samarbeid med lokale krefter.

Turnéverksemda i 2024 har vore breitt fordelt i og utanfor fylket. Om lag 55 % av turnéane fann stad i Sogn og Fjordane (utanom Førde), 30 % i Hordaland og 15 % utanfor Vestland – med besøk blant anna i Rogaland og Oslo. Totalt har vi vore innom 38 ulike stader, inkludert skular.

Turnéverksemd er ein sentral del av samfunnsoppdraget vårt. Sjølv om vi ikkje har lukkast med å auke løyvingane til turnéverksemd dette året, held vi fast ved arbeidet med å styrke dette feltet. Vi har i fleire år søkt om midlar for å kunne utvide turneområdet til å gjelde heile Vestland fylke, og ser dette som avgjerande for å sikre eit reelt og likeverdig teatertilbod i heile regionen.

Av all scenekunstleg aktivitet i 2024 fordelte vi 53 % til eigne produksjonar i Nynorskhuset, og 47 % ute på turné. Talet på framsyningar speglar stor spennvidde i format: 46 framsyningar i hovudsceneformat (8407 tilskodarar), 55 i mediumformat (1800 tilskodarar) og 34 framsyningar i DKS-format (2844 tilskodarar). I tillegg har 1965 publikummarar delteke på andre arrangement. Dette gir oss verdifull innsikt i korleis ulike format treffer ulike delar av publikum – og korleis vi kan utvikle desse vidare.

Gjennom prosjektet *Lys i bygda* har vi vidareutvikla modellen for bygdehusturné med støtte frå Sparebank1 Sogn og Fjordane. Dette er eit konkret grep for å styrke den lokale scenekunstinfrastrukturen, der arrangørane får behalde alle billettinntektene. Utlysing til 2025-runden fekk heile 34 søknadar – og 15 spelestader er alt klare for turné i 2025. Dette viser at behovet for og interessa for teater i distrikta er levande og stort.

Vi har også eksperimentert med nye publikumsmodellar. Billettprisordninga *Betal det du kan* vart lansert i Nynorskhuset – og er godt motteken som ein invitasjon til å senke terskelen inn til teateret.

Snart markerer Teater Vestland (tidlegare Sogn og Fjordan teater) 50 år på vegen – eit jubileum som gir grunn til både ettertanke og feiring. Det er framleis samarbeidet med lokale arrangørar som utgjer ryggrada i turnéverksemda vår. Det er her magien oppstår – i møtet mellom profesjonelle forteljarar og engasjerte lokalsamfunn.

3.1.3 Mål: Teater Vestland i Nynorskhuset - første driftsår

Eit nytt teaterhus representerer meir enn ein ny fysisk arena – det endrar rytmen i organisasjonen, løftar forventningar og opnar for nye former for samhandling med publikum og samarbeidspartnarar. Etter første driftsår i Nynorskhuset (NNH) har Teater Vestland gjort seg verdifulle erfaringar. Høg aktivitet har prega året – noko vi er stolte av – men vi ser òg behovet for å bruke meir tid på å etablere rutinar og justere arbeidstempoet for å sikre kvalitet og berekraft i leveransane.

I løpet av 2024 har vi arbeidd aktivt med å utvikle forretningsmodellen for Nynorskhuset som heilskapleg kulturarena. Åtte gjestespel har vore innom huset dette året, der to var retta mot born. Vi har òg hatt noko utleigeverksemd, men avgrensa kapasitet i personalressursar gjer at dette førebels ikkje er ei prioritert inntektskjelde. Erfaringane frå dette første året vil vere avgjerande i arbeidet med å vidareutvikle drifta og styrke rolla vår som vertskap.

Eit lyspunkt i utviklinga av huset som møteplass er framleigeavtalen med *Røyst mat & vin*. Restauranten, som held til i huset, vart kåra til *Årets restaurant i Førde* i januar 2025, og har etablert seg som ein kvalitetsstad med høgt belegg og god mat- og drikkemeny. Dette bidreg til å styrke heilskapsopplevinga for publikum som vitjar Nynorskhuset.

Nynorskhuset har òg vore arena for eit mangfald av samarbeid. I løpet av året har vi hatt aktivitet i samarbeid med aktørar som Førde Mållag, Sunnfjord filmklubb, Sunnfjord bibliotek, Folkeakademiet Førde, Førdefestivalen, Jakob Sande-senteret for forteljekunst, Rom for ord og Sunnfjord kunstmuseum. Desse partnerskapa er med på å forankre huset i det lokale kulturøkosystemet, og gir grobøtn for framtidig samskaping.

Riksteatret vitja Teater Vestland for første gong i 2024, og eit nytt gjestespel er planlagt i 2025. Målet er å etablere Nynorskhuset som fast spelestad for Riksteatret – noko som vil styrke huset si nasjonale betydning og gi publikum i regionen eit meir variert og tilgjengeleg tilbod.

Eit nytt *teaterkafékonsept* vart lansert i løpet av året – med arrangement både på dag- og kveldstid. Vi ser stort potensial i denne typen lågterskeltilbod, og planlegg å vidareutvikle dei mindre gratisarrangementa på dagtid når Nynorsk scenespråksenter er operativt frå 2025.

Ein stor gåve frå *Sparebanken Vest* på 5 millionar kroner har vore avgjerande for å etablere drifta i det nye huset – og gir oss høve til å tenkje langsiktig. Midlane er nytta til teknisk utstyr som skal stå permanent i teatersalane i Nynorskhuset. Nynorskhuset er ikkje berre eit bygg – det er eit kraftsenter for språk, kunst og fellesskap. Etter første året ser vi tydeleg kor mykje potensial som ligg her, og vi ser fram til å utvikle huset vidare – i takt med publikum, kunstnarar og samarbeidspartnarar.

3.1.4 Mål: Utvikling av nynorsk som scenespråk

Språket er sjølv grunnfjellet i scenekunsten – eit medium for både kunstnarisk uttrykk og demokratisk deltaking. I lys av Språkløva og stortingsproposisjon Prop. 108 L, har Teater Vestland vidareutvikla si rolle som forkjempar for nynorsk og nynorskknære dialektar på scena. Når språkleg mangfald blir løfta som ein verdi i seg sjølv – med evne til å styrkje identitet og sjølvkjensle – kjenner vi eit særskilt ansvar for å fylle denne samfunnsfunksjonen med innhald.

I 2024 tok arbeidet med Nynorsk scenespråksenter eit viktig steg mot realisering. Etter fleire års førebuing vart det første kullet lyst ut hausten 2024, og responsen var overveldande: 90 søkarar konkurrerte om dei åtte plassane fordelt på to kull. Første kull startar opp i februar 2025. Dette 14 veker lange etterutdanningstilbodet vil gi skodespelarar fagleg tyngde og tryggleik i å bruke nynorsk og nynorskknære dialektar i teater, film og lydproduksjon. Med verdiane *kunnskap – mangfald – truverd* som fundament, er målet å auke bruken av levande og truverdig nynorsk på norske scener.

Parallelt med etableringa av Nynorsk scenespråksenter, har vi halde fram med konkrete tiltak i den daglege produksjonsverksemda. Teater Vestland nyttar konsekvent nynorsk og nynorskknære dialektar i alle produksjonar. Skodespelarar får individuell oppfølging i språkovergang, med støtte frå vår faste språkkonsulent. Våren 2024 vart det halde kurs i språkovergang ved Eldbjørg Lognvik, retta mot både interne og eksterne krefter.

Gjennom turnéverksemda har nynorsken også vore synleg nasjonalt. *Tollak til Ingeborg* vart spela for 1468 publikummarar i Rogaland, medan *@Ragnarok08* nådde 642 unge publikummarar gjennom Den kulturelle skulesekken i Oslo. Dette er viktige steg i arbeidet med å vise at nynorsk har ein naturleg plass i eit nasjonalt scenekunstbilde – både som uttrykksform og som identitetsberar.

Ein raus gåve på 3 millionar kroner frå Sparebank1 Sogn og Fjordane har gjort det mogleg å realisere Nynorsk scenespråksenter, og gjev prosjektet ein solid start. Med midlane vi har fått til no har vi moglegeheit til å drive pilotprosjekt 1,5 år. Teater Vestland er takksame for tilliten – og stolte over å vere med på å forme ei ny framtid for nynorsk scenespråk.

3.1.5 Mål: Fireårig satsing på scenekunst for og med barn og unge - år IV

I 2024 runda Teater Vestland av ein viktig fireårsperiode: ei målretta satsing på scenekunst for og med barn og unge, tett knytt til teatersjefens åremål. Før 2021 hadde ikkje teateret eit årleg og systematisk tilbod retta mot desse målgruppene.

I løpet av fire år har vi bygd opp ein solid og mangfaldig portefølje for det yngste publikummet – og lagt eit grunnlag vi ønskjer å vidareføre og styrke i takt med utviklinga av eit nytt teaterhus i Vestland fylke.

Barne- og ungdomsframsyningane *Skjønneita* og *Udyret* og *@Ragnarok08* utgjorde i 2024 kjernen i repertoaret for desse målgruppene, og tematiserte høgaktuelle spørsmål: frå ytringsfridom og samfunnstransparens til manipulasjon og urett mot uskuldelege. Gjennom desse produksjonane ønska vi å gi rom for både undring, engasjement og kritisk refleksjon – i tråd med årets overordna kunstnarlege tema: *Sanninga*.

I tillegg vart *Mysteriet i Nynorskhuset* utvikla som eit tilbod til alle barn på 1. trinn i Sunnfjord kommune, der dei fekk oppleve scenekunst i eit tilrettelagt og inkluderande format – heilt gratis. Produksjonen hadde låg terskel, høg innleving og ein tydeleg pedagogisk dimensjon. Borna fekk bli med bak teaterscena i ei vandring i Teater Vestland sine produksjonslokale i Nynorskhuset, på jakt etter Ivar Aasen sitt nynorskfrø.

Barne- og ungdomsproduksjonane utgjorde om lag 30 % av det samla repertoaret i 2024. I tillegg vart to gjestespel for barn vist i Nynorskhuset – og breidda i uttrykk, format og tematikk har styrkt vår forståing av kva slags scenekunst som rører og engasjerer dette publikummet.

Parallelt med scenekunstproduksjonane har vi utvikla eit aktivt arbeid for og med barn og unge gjennom *TVL UNG*. Tre ferieteaterskular vart gjennomført i 2024: Klovneskule i vinter- og sommarferien, og Skrekkteaterskule i haustferien. Desse tilboda har vore populære og lågterskel, og har gitt barn og unge høve til å utforske teater i trygge og leikne rammer.

Gjennom samarbeidet med Sunnfjord Kulturskule har vi òg bidrege til varig teateraktivitet gjennom året. Om lag 80 barn fordelt på sju klassar deltek, og den eldste gruppa øver fast i Nynorskhuset. Dette partnerskapet har utvikla seg til ein berekraftig modell som kombinerer kulturskulepedagogikk med teaterfagleg rettleiing og romleg forankring i det profesjonelle feltet.

Satsinga på barn og unge har vore både strategisk og verdibasert. Erfaringane frå desse fire åra syner at det finst eit stort potensial i denne målgruppa, både som publikum og som deltakarar. Vi ønskjer å vidareføre arbeidet frå 2025 og framover, og ser fram til å vidareutvikle eit repertoar som kan treffe barn, ungdom og familiar på fleire plan – både i by og bygd, både som eventyr og som livserfaring.

3.1.6 Mål: Teater og ny teknologi – ei avslutta satsing med varige ringverknader

Teater Vestland avslutta i 2024 si fireårige satsing på teater og ny teknologi – ei storstått utforsking av korleis nyvinningar innan VR, AR og digital sceneteknologi kan utvide forteljarmåtane og publikumsopplevingane i scenekunsten. Satsinga har vore eit sentralt element i teatersjefens åremål, og har løfta Teater Vestland inn i eit internasjonalt fagfelt prega av eksperimentering, samarbeid og prisvinnande kvalitet.

Høgdepunktet i denne perioden har utan tvil vore produksjonen *Torn & Rose i Eventyrland*, eit samarbeidsprosjekt med Nordland Teater og Teatret Vårt. Framsyninga, som kombinerer teater og VR i eit banebrytande format, har turnert Vestland og Nordland i 2023, og set kursen mot Møre og Romsdal på nyåret i 2025.

Mottakinga internasjonalt har vore overveldande - med heile seks prisar, inkludert:

- NPU Award 2023 (Innovation category)
- Nordic VR Awards – Vrinn Awards (XR Arts & Culture Award)
- Nordic VR Awards – Vrinn Awards (Jury Award)
- Laval Virtual (Consumer Experience and Entertainment Award)
- XR Today XR Awards 2024 (Best XR Transformation Story)
- AIXR Awards (Location Based Entertainment of the Year)

Desse utmerkingane stadfestar at produksjonen har vore ein teknologisk og kunstnarleg milepæl. Prisane har teateret fått i tett samarbeid med Glitch studios og AR Shows som har utvikla og levert teknologien i denne framsyninga, og våre co-produsentar som er Nordland Teater og Teatret Vårt.

I 2024 vidareførte vi arbeidet med ny teknologi i produksjonen *@Ragnarok08*, eit samarbeid med Moster2024. Framsyninga, som turnerte i Den kulturelle skulesekken, tematiserte ytringsfridom i ei framtidsverd – og tok i bruk mobilavstemming som ein integrert del av dramaturgien. Publikum fekk påverke handlinga i sanntid i ei form som inviterer unge tilskodarar inn som aktive deltakarar, ikkje berre passive mottakarar.

Saman med Nordland Teater heldt vi meisterklasse og foredrag på Heddadagene 2024, under temaet *Teater og ny teknologi*. Her presenterte vi erfaringar og innsikt frå fireårsprosjektet – frå VR som kunstnarleg verktøy og digital dokumentasjon, til utvikling av turnéverktøy for bruk i bygdehus og kulturhus.

Gjennom modellavlevering og systematisk dokumentasjon – inkludert scanning av fleire av våre spelestader – har vi bidrege til å byggje ein ressursbank som framtidige produksjonar og samarbeidspartnarar kan dra nytte av. Sjølv om satsinga no er formelt avslutta, har ho sett varige spor – både i måten vi tenkjer teater på, og i dei konkrete verktøya vi har utvikla.

3.2 Ressursbruk

Teater Vestland hadde ved utgangen av 2024 totalt 23 fast tilsette, inkludert to skodespelarar. Det samla talet på årsverk var 33,9 fordelt på administrasjon, marknad, produksjon, teknisk og kunstnarleg verksemd. I tillegg kjem prosjekttilsette og frilansar tilknytt einskilte produksjonar og utviklingsprosjekt.

Ressursbruk og fordeling etter funksjon og ensemble er oppsummert i tabellen nedanfor. Fullstendig årsrekneskap med resultat, balanse og notar går fram av kapittel 6.

ENSEMBLE

SKODESPELARAR	
Namn	Produksjon
Andrine Sæther	Tollak til Ingeborg
Bend Hammervold	Skjønneheita og udyret
Camilla Klaudiussen	Skjønneheita og udyret
Carina Furseth	@Ragnarok08
Carina Furseth	Belle Gunness
Carina Furseth	Kinnaspelet
Carina Furseth	Pusterom
Carina Furseth	Mysteriet i Nynorskhuset
Carina Furseth	Pop-up foaje
Harald Ottesen Nødtvedt	Tollak til Ingeborg
Harald Ottesen Nødtvedt	Alle fantastiske ting
Harald Ottesen Nødtvedt	Kinnaspelet
Harald Ottesen Nødtvedt	Pusterom
Idun Losnegård	Send storm
Idun Losnegård	Mysteriet i Nynorskhuset
Idun Losnegård	@Ragnarok08
Idun Losnegård	Belle Gunness
Idun Losnegård	Skjønneheita og udyret
Idun Losnegård	Kinnaspelet
Idun Losnegård	Pop-up foaje
Jacob Vigeland	Skjønneheita og udyret
Kornelia Melsæter	@Ragnarok08
Kyrre Eikås Ottersen	Tollak til Ingeborg
Kyrre Eikås Ottersen	Skjønneheita og udyret
Kyrre Eikås Ottersen	Kinnaspelet
Kyrre Eikås Ottersen	Astrupbrev
Kyrre Eikås Ottersen	Brochmann
Line Brå	@Ragnarok08
Malene Wadel	Tollak til Ingeborg
Miriam Prestøy Lie	Belle Gunness
Peder Lauvårs	@Ragnarok08
Peder Lauvårs	Belle Gunness
Peder Lauvårs	Kinnaspelet
Sebastian Biong	Tollak til Ingeborg

MUSIKARAR	
Namn	Produksjon
Arne Hammer	Kinnaspelet
Grethe W. Tonheim	Kinnaspelet
Harald Dahlstrøm	Pop-up foaje
Harald Dahlstrøm	Kinnaspelet
Henning Hodne Mjanger	Kinnaspelet
Jacob Wyrzt	Kinnaspelet
Rolf Prestø	Kinnaspelet
Viljar Losnegård	Send storm

REGISSØRAR

Namn	Produksjon
Anethe Alfsgård	Kinnaspelet (co. regissør)
Cecilie Grydeland Lundsholt	Kinnaspelet (co. regissør)
Cecilie Grydeland Lundsholt	Send storm
Elisabeth Topp	Skjønnheita og udyret
Jeff Pedersen	Pusterom
Miriam Prestøy Lie	Tollak til Ingeborg
Miriam Prestøy Lie	Belle Gunness
Nils Petter Mørland	Alle fantastiske ting
Philipp Stengele	@Ragnarok08

DRAMATIKARAR

Namn	Produksjon
Cecilie Grydeland Lundsholt	@Ragnarok08
Cecilie Grydeland Lundsholt	Mysteriet i Nynorskhuset
Duncan Macmillan	Alle fantastiske ting
Duncan Macmillan	Pusterom
Jonny Donahoe	Alle fantastiske ting
Lucy Kirkwood	Skjønnheita og udyret
Miriam Prestøy Lie	Belle Gunness
Rolf Losnegård	Kinnaspelet
Tore Renberg	Tollak til Ingeborg

SCENOGRAFAR

Namn	Produksjon
Mari Hesjedal	Skjønnheita og udyret
Milja Salovaara	Tollak til Ingeborg
Silje Sandodden Kise	Pusterom

KOSTYMEDESGINARAR

Namn	Produksjon
Mari Hesjedal	Skjønnheita og udyret
Milja Salovaara	Tollak til Ingeborg
Silje Sandodden Kise	Pusterom

VISUELT UTTRYKK

Namn	Produksjon
Cecilie Grydeland Lundsholt	Mysteriet i nynorskhuset
Marianne Stranger	Send storm
Miriam Perstøy Lie	Belle Gunness
Nils Petter Mørland	Alle fantastiske ting
Philipp Stengele	@Ragnarok08

LYDDESIGNARAR

Namn	Produksjon
Håvard Gresum Antonsen	Alle fantastiske ting
Selma Stang	Tollak til Ingeborg
Viljar Losnegård	@Ragnarok08

LYSDESIGNARAR

Namn	Produksjon
Anders Nybø	@Ragnarok08 (samarb.)
Elke Laleman	Skjønneheita og udyret
Gard Gitlestad	Alle fantastiske ting
Magne Gjeraker	@Ragnarok08 (samarb.)
Martin Myrvold	Tollak til Ingeborg
Phillipp Stengele	@Ragnarok08 (samarb.)
Silje Grimstad	Pusterom

VIDEODESIGNARAR

Namn	Produksjon
Anders Nybø	@Ragnarok08
David Lejard-Ruffet	Skjønneheita og udyret

KOMPONISTAR

Namn	Produksjon
David Pagan	Skjønneheita og udyret
Selma Stang	Tollak til Ingeborg
Viljar Losnegård	@Ragnarok08

OMSETJARAR

Namn	Produksjon
Eva Dobos	@Ragnarok08
Terje Lyngstad	Skjønneheita og udyret
Terje Lyngstad	Alle fantastiske ting

DRAMATURG

Namn	Produksjon
Cecilie Grydland Lundsholt	@Ragnarok08

KOREOGRAFISK ASSISTANSE

Namn	Produksjon
Kristin Ryg Helgebostad	Tollak til Ingeborg

MUSIKALSK MEDPRODUSENT

Namn	Produksjon
Odd Martin Skålnes	Tollak til Ingeborg

MUSIKALSK ANSVARLEG

Namn	Produksjon
Harald Dahlstrøm	Kinnaspelet

SAMARBEIDSPARTAR OG GJESTESPEL
INSTRUKTØRAR/LÆRARAR

Namn	Produksjon
Cecilie Grydeland Lundsholt	Amatørteaterskule
Eldbjørg Lognvik	Å spele på nynorsk – kurs
Greta Pemberton	Teaterskule for born
Jeff Pedersen	Skrekkteaterskule
Madeleine Dolby	Klovneskule
Wilhelm Støylen	Amatørteaterskule

TEATERKAFE GJESTAR

Namn	Produksjon
Brynjulf Jung Tjønn	Tingingsverk trappekunst
Elisabeth Topp	Skjønnheita og udyret
Gunstein Akselberg	Send storm
Jeff Pedersen	Pusterom
Lars Ramslie	Alle fantasiske ting
Mari Hesjedal	Skjønnheita og udyret
Ove Eide	Send storm
Paul Smines	Alle fantasiske ting
Rom for ord	Send storm
Rom for ord	Send storm

GJESTESPEL

Namn	Produksjon
Anderz Eide	Morgon og kveld
Elle Maija Klefstad Bær	Per Hansen -ein trofast mann
Ida Løken Valkeapää	Per Hansen -ein trofast mann
Impro-gruppe	Kompani Aasen
Katrine Lund Mackenzie	So rodde dei fjordan... og langt vidare
Lina Taule Fjørtoft	Teaterrottene
Rolf Magne Golten Andersen	Kokosbananas
Roseane dos Reis	Den Heilage Kua
Sigbjørn Apeland	So rodde dei fjordan... og langt vidare
Sigmund Njøs Hovind	Hundmanuskripta
Stig Henrik Hoff	Per Hansen -ein trofast mann
Toivo Fjose	Teaterrottene

SAMARBEIDSPARTAR	
Organisasjon	Produksjon
Den kulturelle skulesekken	@ragnarok08
Det Vestnorske Teateret	Gjestespel Hundemanuskripta
Espen Nytingnes	Fotograf
Firda	Livepod
Folkeakademiet Førde	Arrangement
Folkeakademiet Sogn og Fjordane	Konsert
Fønix	Prøverom
Førde Filmklubb	Filmframvising
Førde Mållag	Kulturkveld
Førdefestivalen	Førdefestivalen
Jakob Sande senter for forteljekunst	Formidlingsarrangement
Jostein Vedvik	Film og fotograf
Kinnaspelkomiteen	Kinnaspelet
Latter Event	Klovneskule
Lil Gorilla	Prøverom
Moster 2024	@ragnarok08
Nordland Teater	Heddadagene seminar
Norsk skuespillersenter	Prøverom
Riksteatret	Tollak til Ingeborg - samprodusent
Rom for ord	Formidlingsarrangement, Astrupbrevva
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	Opning av arkivmagasing
Sunnfjord bibliotek	Formidlingsarrangement
Sunnfjord kulturskule	Teaterskule
Teaterfestivalen i Fjaler	Festival, Brochmann
Teatret Vårt	Gjestespel Teaterrottene
Tigaren som tøffa seg	Prøverom
U40	Livepod

4. Føresetnader for tilskot

Dette kapittelet gjer greie for korleis Teater Vestland arbeider for å oppfylle føresetnader for tilskot, i tråd med nasjonale krav og forventa praksis for offentleg finansiert verksemd.

4.1 Internkontroll

Teater Vestland si interne styring og kontroll er bygd opp rundt eit planverk som gir oversikt over verksemda og forankrar ansvar på tvers av avdelingar. Vi nyttar digitale verktøy som Microsoft Teams, SharePoint og T-plan for å sikre at informasjon er tilgjengeleg, oppdatert og sporbart.

Produksjonane blir planlagde gjennom ein fast struktur av møtepunkt som rammemøte, skissemøte og modellmøte. Desse sikrar medverknad, klårleik og avklaringar i ulike fasar, og dannar grunnlaget for retning, ressursbruk og praktisk gjennomføring.

I 2024 tok vi eit steg vidare med implementeringa av turnéverktøyet T-plan, utvikla i samarbeid med Riksteatret. Verktøyet vert brukt til å lage produksjonsplanar, vekeplanar, turnéplanar, referat og rapportar. Overføringa av eksisterande data og kartlegginga av behov for lokal tilpassing har vore hovudoppgåver i innføringsfasen. Når verktøyet er fullt operativt, vil det styrke oversikt, informasjonsflyt og koordinering – både internt og i møte med arrangørar.

4.1.1 Økonomisk styring og risiko

Økonomifunksjonen ved teateret er organisert med ansvar for budsjett, rekneskap og jamleg rapportering. Det er etablert gode rutinar for budsjettering, oppfølging og avviksanalyse. I 2024 har vi teke i bruk rapporteringssystemet OneStop Reporting. Året har vore ein implementeringsfase, og systemet vil frå 2025 gi betre oversikt og struktur for økonomirapportering og analyse.

Overgangen til nytt rekneskapsprinsipp har òg vore ei utfordring, og krev at vi følgjer opp fleire økonomiske aspekt tettare enn før. Når kostnader blir balanseførte fram til premiereåret, gir det ei meir rettvise resultatframstilling, men det stiller samtidig høgare krav til styring av likviditet og oversikt over mellomliggjande kapitalbinding.

Det er gjennomført risikovurderingar i samarbeid mellom administrativ og kunstnarleg leing. Dei viktigaste risikoområda i 2024 har vore:

- *Budsjettrisiko knytt til billettinntekter og ekstern finansiering*
Billettinntektene svingar mellom produksjonar og er påverka av nasjonale og lokale forhold. Teateret er også avhengig av gåver og prosjektstøtte for enkelte satsingar.
- *Repertoarval og publikumstilfang*
Repertoaret påverkar både publikumsoppslutning og inntekter. Det er identifisert behov for å utvikle rutinar for meir strukturert vurdering av repertoarval tidleg i planleggingsfasen.
- *Avhengigheit av nøkkelpersonar*
Drifta er sårbar for fråvær blant teknisk personale og skodespelarar. Langtidssjukdom eller skade kan gi store praktiske og økonomiske konsekvensar for gjennomføringa av produksjonar.

- *Arbeidsmiljø og belastning*
Arbeidsbelastning i periodar med høg produksjonsaktivitet kan vere krevjande. Det er i 2024 gjennomført ei arbeidsmiljøkartlegging i samarbeid med Avonova, og resultatata følgjast opp gjennom tiltak og dialog internt.

4.2 Tryggleik og beredskap

Flyttinga til Nynorskhuset inneber ei ny organisering av både arbeidskvardagen og fysiske rammer for Teater Vestland. Dette krev at vi oppdaterer tryggleiks- og beredskapsarbeidet i takt med nye behov og eit endra risikobilete, tilpassa vår eigenart som regionalt turnéteater med teknisk produksjon og publikumsverksemd på fleire arenaer.

Teateret har etablert grunnleggande tryggingstiltak, inkludert brannruinar og førstehjelpsopplæring for tilsette med publikumsansvar. Det er alltid ein dedikert publikumsansvarleg til stades ved framsyningar. Ved turné vurderer vi tryggleik på kvar spelestad, og krev dokumentasjon på risikovurderingar der det er relevant – til dømes ved bruk av teknisk utstyr som løfteutstyr og kranar.

I 2024 har vi starta eit meir systematisk arbeid med risikovurdering i samarbeid med bedriftshelsetenesta Avonova. Dette omfattar både fysiske, organisatoriske og psykososiale forhold. Som ein del av arbeidet er vi i ferd med å ta i bruk Avonova Assistent – eit digitalt HMS-verktøy som gir strukturert tilgang til dokumentasjon, avvikshandtering, handlingsplanar og årshjul for HMS. Målet er å styrke internkontrollen og gjere tryggleik og beredskap til ein naturleg del av kvardagen.

Vi har per i dag ikkje ein samla beredskapsplan, men arbeider med å utvikle ein tilpassa plan som byggjer på eksisterande rutinar og ny risikovurdering. Planen skal gjelde både publikumsretta verksemd og intern drift.

Teateret vil i dette arbeidet halde seg orientert om relevant regelverk og rettleiing frå styresmaktene, og følgje nasjonale føringar der det er aktuelt – mellom anna frå Arbeidstilsynet, Kulturdirektoratet og DSB.

4.3 Berekraft og klimaavtrykk

Teater Vestland har i 2024 vidareført arbeidet med å redusere klimaavtrykket vårt, med særleg fokus på dei utfordringane som følgjer med å vere eit turnéteater med lange reiseavstandar og variert infrastruktur. Å kombinere høg kunstnarleg kvalitet med berekraftige løysingar er ein viktig del av samfunnsansvaret vårt – og eit arbeid vi ønskjer å integrere i alle delar av verksemda.

4.3.1 Tiltak for å redusere klimaavtrykk

På turné nyttar vi el-bilar til transport av personell der det er praktisk mogleg. For større produksjonar vurderer vi jamleg alternativ for meir miljøvennleg transport av utstyr og scenografi. Bruk av el-lastebil og el-buss er område vi følgjer tett, i takt med teknologisk og kommersiell utvikling.

Tidlegare var store delar av den kunstnarlege planlegginga knytt til reiseverksemd – med flyreiser til skisse møte, modell møte og prøvearbeid. I dag er slike møte i hovudsak digitaliserte via plattformer som Teams. Dette har redusert behovet for flyreiser vesentleg, også i produksjonsperiodar.

4.3.2 Gjenbruk og ressursutnytting

I arbeidet med scenografi og kostyme har vi eit mål om å gjenbruka og redesigne materiale der det er mogleg. Gjennom året har vi teke aktive grep for å redusere behovet for nyinnkjøpt. Desse vala styrker det kunstnarlege uttrykket gjennom ein meir bevisst estetikk, samtidig som dei bidreg til redusert ressursbruk og avfall.

4.3.3 Systematisk arbeid vidare

Teater Vestland har starta arbeidet med å kartleggje eigne utslepp som grunnlag for vidare tiltak. Målet er å få eit meir presist bilete av kva område som gir størst klimaavtrykk, og bruke dette som grunnlag for prioriteringar framover. Dette arbeidet vert knytt til overordna målsetjingar om at kulturlivet skal ta sin del av ansvaret for å nå FN's berekraftsmål, særleg mål 12 (ansvarleg forbruk og produksjon) og mål 13 (stoppe klimaendringane).

Teater Vestland ønskjer å vere eit framtidsretta teater – med ambisjonar både kunstnarleg, sosialt og miljømessig.

4.4 Likestilling, mangfald og deltaking

Teater Vestland arbeider målretta for å fremje likestilling, mangfald og brei deltaking i scenekunsten. Vi ønskjer å vere ein arena der fleire stemmer får plass, og der alle skal kunne kjenne seg velkomne, representerte og involverte – både som publikum, deltakarar, elevar, samarbeidspartnarar og tilsette.

4.4.1 Likestilling og kjønnsbalanse

Vi legg vekt på å sikre kjønnsbalanse i alle delar av verksemda, frå kunstnarlege produksjonar til administrasjon og leiling. Det er for tida ubalanse i kjønnsrepresentasjonen i leiargruppa, og vi har dette som eit prioritert fokus i kommande rekrutteringar.

4.4.2 Mangfald og inkludering

For å styrkje mangfaldet i scenekunsten har vi i 2024 hatt to deltakarar i ein aspirantordning, i samarbeid med nasjonale ordningar og NAV. Ein av aspirantordningane er vidareført 2025. Den andre arbeider i vanleg drift ved teateret. Ordninga omfattar språktrening og praktisk opplæring i ulike delar av verksemda, og gir deltakarane ein veg inn i arbeid og kunstnarleg utvikling. Målet er å senke terskelen for deltaking og rekruttere breiare.

Vi har innført "betal det du kan"-modellen på utvalde framsyningar og arrangement i Nynorskhuset, som eit tiltak for å senke terskelen for publikum. Vi planlegg å utvide ordninga til turné i 2025. I tillegg nyttar vi ordningar som følgjebevis, søskenmoderasjon og friplassar på ferieteaterskular.

Gjennom samarbeid med Sunnfjord kulturskule og eigne ferieteaterskular gir Teater Vestland barn og unge eit lågterskeltilbod innan scenekunst. Tiltaka gir brei deltaking uavhengig av bakgrunn, styrkjer rekrutteringa til teaterfeltet og legg til rette for kreativ utfolding i trygge og inkluderande rammer.

I 2024 etablerte vi eit nytt amatørteatertilbod for vaksne i Sunnfjord. Tilbodet er ope for alle med interesse for scenekunst, uavhengig av tidlegare erfaring, og gir profesjonell rettleiing innan sceneteknikk, improvisasjon og fysisk teater. Deltakarane øver fast i Nynorskhuset. Dette styrkjer breidda i teaterfeltet og gir rom for meistring, sosial tilhøyrse og personleg utvikling.

Som del av satsinga på å inkludere fleire grupper, utvikla vi "Mysteriet i Nynorskhuset" – ei gratis teateroppleving for alle i 1. klasse i Sunnfjord kommune. Tiltaket gir born eit tidleg og inkluderande møte med scenekunsten, uavhengig av sosial eller økonomisk bakgrunn.

4.4.3 Språkleg mangfald og kulturell representasjon

Teater Vestland nyttar konsekvent nynorsk og nynorsknære dialektar på scena, og tilbyr individuell språkstøtte til skodespelarar ved behov. Opprettinga av Nynorsk scenespråksenter i 2024, med over 90 søkjarar, er eit viktig steg for å sikre språkleg mangfald og gi nynorsk ein sterkare plass i det nasjonale scenekunstoffeltet. Senteret gir vidareutdanning i nynorsk skrift, tale og dialekt, og er i tråd med språklova sitt krav om å styrkje nynorsk som minoritetsspråk i offentleg verksemd.

4.4.4 Inkludering gjennom scenekunst og turné

Vi programmerer familieframsyingar og generasjonsoverskridande produksjonar som inviterer til felles opplevingar for barn, ungdom, vaksne og eldre. Produksjonar som "Skjønneheit og Udyret" gir rom for felles refleksjon og glede, og bidreg til å styrkje fellesskap på tvers av alder.

Gjennom prosjektet "Lys i bygda" arbeider vi for å styrkje kulturtilbodet i små lokalsamfunn. Modellen byggjer på samarbeid med lokale arrangørar, som får behalde billettinntektene, medan teateret tek ansvar for produksjon og turné. Slik skaper vi eigarskap, lokal stoltheit og tilgang til profesjonell scenekunst i område som elles kan ha avgrensa kulturtilbod.

4.4.5 Publikum, læring og arbeidsprosessar

Vi arbeider systematisk med publikumsutvikling gjennom fokusgrupper, billettsal-analyse og utvikling av nytt billettsystem. Teaterkafé-konseptet i Nynorskhuset gir rom for opne arrangement på dag- og kveldstid, der publikum, kunstnarar og litteratur møtest i uformelle format. Det bidreg til å senke terskelen for deltaking og skape levande kultur møte.

Overgangen til digitale møteformer (som Teams) i produksjonsprosessar har redusert reisebehov og gjort det enklare for fleire å delta, uavhengig av geografisk plassering, omsorgsansvar eller arbeidstid.

Vi tek jamleg imot elevar på OD-dagar og studentar i praksis, og gir unge erfaring med teaterfeltet. Dette bidreg til rekruttering og til å styrkje koplinga mellom utdanning og arbeidsliv.

4.4.6 Universell utforming og tilgjenge

Nynorskhuset er bygd etter krav til universell utforming (standardar 2023). Høyrestøttesystem i teatersalar er oppgradert, og teleslynge vert nytta på turné. Nettsida er utvikla i tråd med WCAG 2.0-krava frå Tilsynet for universell utforming av IKT.

4.4.7 Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Teater Vestland har eit inkluderande arbeidsmiljø med låg terskel for dialog og tilrettelegging. Vi følgjer opp sjukefråvær tett og har rutinar for oppfølging og tiltak ved behov. I 2024 har sjukefråværet vore stabilt og innanfor akseptable ramar.

4.5 Forsvarleg og effektiv drift

Teater Vestland arbeider for å sikre forsvarleg og effektiv drift gjennom god økonomistyring, langsiktig planlegging og tett budsjettoppfølging.

I 2024 har vi hatt eit høgare kostnadsnivå, mellom anna som følge av overgang til nye lokale og generell prisauke i samfunnet. Dette var venta, og vi arbeider saman med eigarane for å sikre god og berekraftig drift framover.

Vi har ikkje gjennomført nye investeringar i 2024, men følgjer opp tidlegare investeringar gjennom vedlikehald og økonomisk planlegging. Teateret har ein eigenkapital som gir visst handlingsrom, og styret har fokus på å sikre stabil drift og handlingsrom også i krevjande tider.

4.6 Utstys- og eigeomsforvaltning

Teater Vestland leiger lokale i Nynorskhuset, og har ansvar for forvaltning av eget produksjonsutstyr, inventar og teknisk infrastruktur. Vedlikehaldsbehov og utskifting av utstyr blir vurdert jamleg i samband med budsjettarbeid og produksjonsplanlegging.

Ustysinvesteringane i samband med flyttinga til Nynorskhuset i 2023 gir teateret gode driftsvilkår, og det er per i dag ikkje behov for større utskiftingar. Det blir likevel gjort jamleg vurderingar av behov og slitasje, og nødvendige tiltak blir følgde opp innanfor driftsbudsjettet.

Eventuelle framtidige behov for oppgraderingar blir vurderte som del av den økonomiske og strategiske planlegginga.

4.7 Pensjonsforpliktingar

Teater Vestland har ei innskotsbasert tenestepensjonsordning og er tilknytt AFP-ordninga i tråd med gjeldande tariffavtale. Pensjonsordningane er finansierte gjennom løpande premieinnbetalingar.

I 2024 har pensjonskostnadane auka, blant anna fordi premiefondet i Gjensidige er brukt opp. Teateret dekker no heile pensjonspremien som løpande driftskostnad. I Storebrand står det framleis eit premiefond som vil kunne nyttast på lengre sikt.

Teateret si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon, og er vurdert som forsvarleg i samsvar med verksemda si storleik og økonomiske situasjon.

4.8 Eigeninntekter

Teater Vestland arbeider aktivt med å utnytte det samla inntektspotensialet, både gjennom billettinntekter, utleige og gåver frå eksterne aktørar. Eit variert program, målretta publikumsarbeid og auka aktivitet i Nynorskhuset har bidrege til styrkt eigeninntektsgrunnlag i 2024.

4.8.1 Billettinntekter og programmering

Produksjonen *Tollak til Ingeborg* har vore ein viktig bidragsytar til billettinntektene. Turnéen førte også teateret til Sandnes og Suldal i Rogaland, etter invitasjon frå lokale arrangørar. Turnéen blei gjennomført med ein modell som sikrar økonomisk berekraft, og synleggjer nynorsk scenekunst i eit område der språket tradisjonelt står sterkt.

Nynorskhuset har gitt Teater Vestland nye moglegheiter for formidling, samarbeid og synlegheit. Med moderne fasilitetar og eigne teatersalar har vi kunna utvikle og tilby fleire arrangement, også utanfor hovudproduksjonane. Huset fungerer som fast base for Teater Vestland si drift, men gir samstundes rom for aktivitetar i regi av det frie feltet, amatørgrupper og samarbeidspartnarar som Firda, NRK og Førde Mållag. Den sentrale plasseringa i Førde har gjort det enklare å tiltrekke publikum frå ulike aldersgrupper og styrkt rolla vår som regional møteplass for språk og scenekunst.

Vi har òg arbeidd med å forlengje speleperiodane for produksjonane på heimescena. Dette er eit resultat av strategisk turnéplanlegging, der vi aktivt legg inn spel i Førde som ein del av turnéløpet. Målet er å bruke ressursane betre, styrke nærværet vårt lokalt og auke publikumstilgangen i ein region der vi no har eit sterkt og synleg utgangspunkt.

Ved å spele fleire framsyningar i Nynorskhuset, utan å gå på kompromiss med turnéoppdraget, får vi både betre utnytting av produksjonane og høgare synlegheit i Sunnfjord-området. Denne modellen gjer det mogleg å kombinere effektiv drift med eit meir tilgjengeleg teatertilbod for publikum i vårt nærrområde.

4.8.2 Gåver og prosjektstøtte

Vi er djupt takksame for gåvene frå Sparebanken Vest og Sparebank1 Sogn og Fjordane, som blei mottatt i 2023 og balanseført slik at dei har kome til nytte i 2024. Desse gåvene har vore avgjerande for gjennomføring av fleire viktige prosjekt:

- Sparebanken Vest sin gåve er nytta til investering i teknisk utstyr i salane i Nynorskhuset. Det har gjort det mogleg å tilby aktivitetar for barn og unge gjennom TVL Ung, opne for amatørteateraktivitet og legge til rette for utleige og prøverom for det frie scenekunstfeltet.

- Sparebank1 Sogn og Fjordane har støtta etableringa av Nynorsk scenespråksenter og utviklinga av bygdehusturnemodellen *Lys i bygda*. Begge tiltak har styrkt språk- og turnéoppdraget vårt og gitt auka tilgjenge til scenekunst i distrikta.

Støtta har gjort det mogleg å realisere viktige tiltak utan å belaste driftsøkonomien, og bidreg til å sikre ei berekraftig utvikling. Vi ser på gåvene som langsiktige investeringar i nynorsk scenekunst og regional kulturutvikling.

4.8.3 Utleige og framleige

I 2024 har Teater Vestland hatt inntekter frå utleige av salar i Nynorskhuset. Framleigeavtalen med restaurant Røyst mat og vin, som blei inngått hausten 2023, har òg bidrege til å styrkje eigeninntektene. Dette gir Nynorskhuset fleire bruksområde og gjer huset til ein levande møteplass – også utanom teaterets eigne produksjonar.

Vi ser eit potensial for vidare vekst i åra som kjem, særleg med eit ferdig etablert Nynorskhus og fleire publikumsgrupper som no vender tilbake til teateret.

4.9 Følgjebevis

Teater Vestland tilbyr gratis billett til følgjepersonar for alle som har følgjebevis. Ordninga er ein viktig del av arbeidet vårt for å sikre at scenekunsten er tilgjengeleg for alle, og bidreg til å redusere barrierar for deltaking for menneske med nedsett funksjonsevne eller andre særskilde behov for assistanse. Tilbodet gjeld både på framsyningar i Nynorskhuset og på turné. I 2024 vart det i denne ordninga delt ut 57 billettar. Ordninga er integrert i teateret sitt ordinære billettsystem, slik at publikum kan gjere seg nytta av dette enkelt og ubyråkratisk.

5. Vurdering av framtidsutsikter

Teater Vestland står i ein situasjon med fleire utfordringar som vi deler med mange andre kulturinstitusjonar. Økonomien er pressa, og dette kjem av fleire samansette årsaker – mellom anna vesentleg auka kostnadar etter flyttinga til Nynorskhuset. Flyttinga var naudsynt og har gitt oss betre fasilitetar og nye moglegheiter, men det føreset òg auka driftskostnadar som vi ikkje har fått full kompensasjon for. For å utnytte potensialet i dei nye lokala fullt ut, treng teateret auka og meir føreseielege rammer.

Samstundes har ABE-reforma (avbyråkratisering og effektivisering) bidrege til å redusere det kunstnarlege handlingsrommet ytterlegare. Reforma har ikkje ramma forvaltninga, men direkte kjerneverksemda vår – produksjon og formidling av scenekunst til eit stort og breitt publikum. Over tid har vi strekt ressursane våre langt, men vi ser no at dette ikkje lenger er mogleg utan at det får konsekvensar for kunstnarisk kvalitet, repertoarval og turnéverksemd. I 2025 har vi t.d. sett oss nøydde til å kutte ei turneveke i idrettshallar for å redusere kostnader.

Vi har i fleire år bede om auka tilskot for å kunne utvide turnéverksemda til å dekkje heile Vestland fylke. Sjølv om dette no er realiteten, har vi ikkje fått styrka finansiering som speglar utvidinga. Det å gjennomføre eit reelt teatertilbod i både by og bygd i ein så stor region krev ressursar. Utan ekstra løyvingar vil det bli vanskeleg å halde oppe ambisjonsnivået vi har for turnéverksemda.

Likevel er det mykje positivt som skjer ved Teater Vestland. Nynorskhuset er eit kraftsenter for nynorsk kultur, og vi har ambisjonar om å fylle huset med scenekunstleg aktivitet, samarbeid og offentlege møteplassar. Med moderne fasilitetar og nye moglegheiter for bruk, kan vi tilby rom for aktivitetar frå både eigenproduksjonar, det frie feltet, amatørteater og ulike samarbeid med mellom andre Førde Mållag, Førde bibliotek og andre lokale og regionale aktørar. Gåva frå Sparebanken Vest har gjort det mogleg å fylle huset med innhald – med teaterskule, amatørteater og aktivitetar for det frie feltet. Når teateret er på turné, kan husa nyttast av andre, noko som bidreg til meir fleksibel og effektiv bruk av ressursar.

Vi er det einaste nynorske turneteatret i landet, og tek dette samfunnsoppdraget på største alvor. Å turnere med produksjonar av høg kvalitet på nynorsk, til store og små spelestader, er noko vi er stolte av – og det gir oss ei heilt unik rolle i scenekunstlandskapet. Prosjektet *Lys i bygda*, som vi har fått realisert takka vere gåvemidlar frå Sparebank1 Sogn og Fjordane, er eit døme på korleis vi kan skape tettare band til lokalsamfunna og gi scenekunst av høg kvalitet til nye publikumsgrupper. At vi reiser ut til bygdehusa er ikkje ein tilfeldig strategi – det er ei kjerneoppgåve.

Gjennom etableringa av Nynorsk scenespråksenter i 2024 har vi òg styrkt innsatsen for å sikre nynorsk og dialekt som levande scenespråk. Dette er den einaste etterutdanninga i sitt slag i landet, og vi har opplevd stor interesse frå det profesjonelle scenekunstfeltet. Senteret er eit viktig verktøy for å realisere måla i språklova og for å sikre at nynorsk ikkje berre får plass, men også status og utviklingsrom i scenekunsten.

Vi er faktisk heilt unike i nasjonal samanheng. Nynorskhuset er landets største nynorskklynge, Teater Vestland det einaste teateret som turnerer fast med store produksjonar på nynorsk, og Nynorsk scenespråksenter det einaste faglege tilbodet for nynorsk scenespråk og dialekt. Vi er regjeringa sin språkpolitikk i praksis. Det står i politiske føringar at kunst og kultur skal vere tilgjengeleg uavhengig av bustad, og at nynorsk skal styrkast som likestilt språk. Dette tek vi på største alvor – og vi leverer på det kvar einaste dag.

Med sterk fagkompetanse, motiverte tilsette og ei tydeleg samfunnsrolle har Teater Vestland gode føresetnader for å møte framtida. Samstundes er det avgjerande at økonomien vår styrkast, slik at vi kan halde oppe aktivitet, kvalitet og tilgjenge. Vi ser eit stort potensial for vidare utvikling – men for å realisere det, treng vi betre rammevilkår.

Konstituert Teatersjef

Kristina Kjeldsberg

6. Scenestatistikk og årsrekneskap

6.1 Scenestatistikk

Scenestatistikk 2024

Scenestatistikk

FRAMSYNINGAR	
Tal framsyningar	194
Tal formidlingsaktivitetar	100
Tal framsyningar på eiga scene	191
Tal framsyningar på turne	108
Tal framsyningar av samproduksjonar formidla av samarbeidspart	27
Tal framsyningar retta mot barn og unge	11
Tal framsyninga DKS	1
PRODUKSJONAR	
Totalt tal produksjonar	51
Tal egne produksjonar (inkl. samproduserte prosjekt)	43
Tal motatte gjestespel	7
Tal produksjonar retta mot barn og unge	11
Tal urframføringar	1
Tal produksjonar av ny norsk samtidsdramatikk	5
Tal produksjonar av ny utenlandsk samtidsdramatikk	2
Tal produksjonar med norsk samtidsdramatikk retta mot barn og unge	2
PUBLIKUM	
Total tal publikum kunstnerisk aktivitet	18 260
Totalt tal publikum på formidlingsaktivitet	2 617
Tal publikum på billetterte arrangement	15 900
Herav fribillettar	1 600
Tal publikum på eiga scene	8 319
Tal publikum på turne	12 558
Tal publikum på samproduksjonar formidla av samarbeidspart	10 289
Tal publikum på eigenproduksjonar	9 702
Tal publikum på motatte gjestespel	886
Tal publikum på framsyningar retta mot barn og unge	7 258

6.2 Årsrekneskap med notar

Teater Vestland AS

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	Note	2024	2023
Billett og programsal		2 972 998	1 634 512
Anna inntekt	1	5 161 215	908 020
Driftstilskot	2	38 714 282	37 260 283
Leigeinntekter	1	841 786	340 396
Sum driftsinntekter		47 690 281	40 143 211
Materialkostnad		665 545	367 725
Kostnad turne/opsøkjande verksemd		1 922 068	1 288 998
Kostnad vedk. lokale	3	10 622 679	5 495 552
Lønskostnad	4, 5	28 709 383	24 708 643
Avskrivning	6, 7	960 100	697 596
Annen driftskostnad	6	6 272 332	7 079 087
Sum driftskostnader		49 152 107	39 637 601
Driftsresultat		-1 461 826	505 610
Renteinntekt		18 758	42 326
Annen finansinntekt		65	1
Rentekostnad		-2 978	-3 179
Årsresultat		-1 445 981	544 757
Disponering av årsresultatet			
Overført til annan eigenkapital		0	544 757
Overført frå annan eigenkapital		1 445 981	0
Sum disponert		-1 445 981	544 757

Teater Vestland AS

BALANSE PR. 31.12.

	Note	2024	2023
EIGEDELAR			
Immaterielle anleggsmiddel			
Prosjekt Nynorskhuset	7	555 000	585 000
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigeendom	6	5 419 786	5 094 697
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	6	6 368 983	5 570 375
Sum varige driftsmiddel		<u>11 788 770</u>	<u>10 665 072</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i anna foretak i same konsern		15 000	15 000
Sum finansielle anleggsmidler		<u>15 000</u>	<u>15 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>12 358 770</u>	<u>11 265 072</u>
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	8	770 244	966 816
Andre fordringar	9	1 130 198	1 575 639
Sum fordringar		<u>1 900 442</u>	<u>2 542 455</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	10	1 312 425	1 575 479
Sum omløpsmiddel		<u>3 212 867</u>	<u>4 117 935</u>
SUM EIGEDELAR		<u>15 571 636</u>	<u>15 383 007</u>

Teater Vestland AS

BALANSE PR. 31.12.

	Note	2024	2023
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	11, 12	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	11	4 944 296	6 390 277
Sum opptjent egenkapital		<u>4 944 296</u>	<u>6 390 277</u>
Sum egenkapital	11	<u>5 044 296</u>	<u>6 490 277</u>

Teater Vestland AS

BALANSE PR. 31.12.

	Note	2024	2023
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	13	654 677	0
Leverandørgjeld		830 216	1 040 032
Skuldige offentlege avgifter		1 996 538	2 027 659
Anna kortsiktig gjeld	14	7 045 909	5 825 039
Sum kortsiktig gjeld		10 527 341	8 892 730
Sum gjeld		10 527 341	8 892 730
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		15 571 636	15 383 007

Førde, 27.02.2025
Styret i Teater Vestland AS

 Rasmus Mo
Styreleiar

 Rune Hegrenes
Nestleiar

 Tora Hodneland
Styremedlem

 Hanne Bergliot Oftedal
Styremedlem

 Marion Aas Wie
Styremedlem

 Kristina Kjeldsberg
Teatersjef/dagleg leiar

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Inntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot vert bokført etter bruttomethoden.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigående. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventta levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Immaterielle eigedelar

Utgifter til eigen utvikling av immaterielle eigedelar kostnadsføres løpande. Utgifter til andre immaterielle eigedelar balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigedel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsatt fall kostnadsførast utgifter løpande. Balanseført utvikling avskrivast lineært over økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til innskotsbasert pensjonsordning er ikkje balanseført. Pensjonskostnaden er lik årets innbetaling.

Skatt

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

Teater Vestland AS
Notar til årsrekneskapen for 2024
Note 1 Spesifikasjon av anna inntekt

	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	841 786	340 396
Andre inntekter og tilskot *)	5 161 215	908 020
Sum	6 003 000	1 248 416

*) Teateret har i 2024 mottatt eit ekstraordinært tilskot på MNOK 1,1 for dekning av auka husleige frå Vestland Fylkeskommune.

Note 2 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	27 100 000	26 120 007
Ordinært tilskot Vestland Fylkeskommune	8 710 714	8 395 811
Ordinært tilskot Sunnfjord kommune	2 903 568	2 744 465
Periodiserte driftstilskot vedkomande Nynorskhuset.	-	-
Sum	38 714 282	37 260 283

Note 3 Leigeavtalar

	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	8 446 183

Leigeavtalen er inngått for 15 år, med opsjon på 2 gange 5 år. Årleg leige er kr. 7.449.272 eks meirverdiavgift.

Teater Vestland AS
Notar til årsrekneskapen for 2024
Note 4 Pensjon

Teateret har ei innskotsbasert pensjonsordning og ei tariffesta AFP-ordning (usikra). AFP-forpliktelsen er ikkje regnskapført som gjeld. Begge ordningane blir finansiert gjennom premieinnbetalingar. Teateret si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Premie AFP-ordning	334 339	303 051
Pensjonspremie til innskotsordning	1 955 990	1 281 051
Eigenandel pensjon tilsette	-325 315	-293 916
Netto pensjonskostnad i år	1 965 014	1 290 186

*) Selskapet har i 2024 dekket den årlige premien til den lukka ytelsesbaserte ordninga ved bruk av premiefond. Det er totalt belasta kr. 1.097.162 frå premiefondet.

Innestående på premiefond per 31.12 er kr 5.625.067

Note 5 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	23 962 501	20 661 213
Arbeidsgjevaravgift	2 653 187	2 711 083
Pensjonskostnader	1 965 014	1 290 186
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-857 500	-681 576
Andre lønsrelaterte ytingar	986 181	727 736
Sum	28 709 383	24 708 643

Det har vore 23 fast tilsette, 1 person på åremål 2 personar på årskontrakt.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 125 754	200 441
Anna godtgjersle	5 772	

Pr 31.12.24 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar. Det er ikkje bonusordning i selskapet.

Note 6 Varige driftsmiddel og immaterielle eiendeler

	Personal- husvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Øvrige driftsmidler	Bygning og tekn.inst bygg	Totalt
Kostpris 1.1.	4 921 250	100 000	2 739 160	3 667 765	3 964 772	3 310 273	18 703 219
Tilgang	-	-	-	450 920	136 412	1 466 466	2 053 797
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	100 000	2 739 160	4 118 685	4 101 184	4 776 739	20 757 017
Akk. avskrivningar 31.12.			2 617 636	841 378	3 246 462	2 262 771	8 968 246
Balansført verdi 31.12.	4 921 250	100 000	121 524	3 277 307	854 722	2 513 967	11 788 771
Avskrivningar i år	-	-	153 076	213 742	93 780	469 502	930 100
Levetid			5-10 år	5-15 år	5-10 år	5-20 år	

Note 7. Immaterielle eiendeler

Immaterielle eiendeler gjeld balanserte kostnader til prosjekt Nynorskhuset fra 2019. Teateret fekk i 2019 kr. 270.000 i tilskot til dette prosjektet. 40% vart godskrevne dei andre deltakarane i prosjektet. Teateret sin andel er gått til frådrag i dei aktiverte kostnadane. Kostnadane har ikkje vore avskrevne før i 2023, når innflytning fant sted.

	Prosjektkostnad	Totalt
Kostpris 1.1.	600 000,00	600 000
Tilgang		0
Avgang		0
Kostpris 31.12.	600 000,00	600 000
Akk. avskrivningar 31.12.	45 000,00	45 000
Balansført verdi 31.12.	555 000,00	555 000
Avskrivningar i år	30 000	30 000
Levetid	20 år	

Note 8 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	727 619	910 714
Delkredereavsetning 31.12.	42 625	0
Oppptjent inntekt	0	56 102
Kundefordringar 31.12.	770 244	966 816

Note 9 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader	98 871	58 459
Periodisering av kostnad knytt til framsyningar *)	1 031 327	317 180
Periodisering tilskot, ref. note 6	0	1 200 000
Sum	1 130 198	1 575 639

*) Her ligg det periodisering av kostnader knytt til forestillingar som ikkje har starta speleperioden i 2024. Kostnader knytt til forestillingar/prosjekt kostnadsførast i den perioden der største del av billettinntektene oppstår.

Note 10 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	1 290 271	1 113 223

Note 11 Eigenkapital

	Aksje- kapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	6 390 276	6 490 276
Resultat i år		-1 445 981	-1 445 981
Eigenkapital 31.12	100 000	4 944 295	5 044 296

Note 12 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Vestland Fylkeskommune	8	80 %
Sunnfjord Kommune	2	20 %
Sum	10	100 %
Andre	-	0 %
Totalt	10	100 %

Note 13 Gjeld

	I år	I fjor
Gjeld sikra med pant		
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	654 677	0
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	654 677	0

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 3 mill.

Note 14 Anna kortsiktig gjeld

	I år	I fjor
Skuldig feriepenar/ løn	2 692 761	2 512 443
Påløpne kostnader	343 301	815 207
Periodisering av tilskot/gåvemidlar	4 009 847	2 497 389
Sum	7 045 909	5 825 039

Note 15 Hendingar etter balansedagen

Teatersjefen sluttar ved Teater Vestland etter 4 år januar 2025 og vil motta etterløn i 2025. Ordinær etterløn for teatersjefar er ihht tilsetjingsavtalen avtalt til inntil 12 månader, i tillegg er det gitt 3 månedar ekstra etterløn. Sidan avtalen om fråtreden vart inngått i 2025 er det ikkje avsett for dette i rekneskapen for 2024.

Note 16 Fortsatt drift

Teateret er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, som følgje av auka husleige og høgt kunstnarleg aktivitet etter opninga av Nynorskhuset. Dette har ført til underskot i 2024 og ein svakare likviditet. Styret arbeidar aktivt med å auke inntekter. Om ein ikkje lykkast med dette, så må styret vurdere aktivitetsnivået knytt til kunstnarleg verksemd og kostnadsnivået elles i organisasjonen.

Styret meiner difor at forutsetninga om fortsatt drift er tilstades.

Arsregnskap

Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Oftedal, Hanne Bergliot	BANKID	2025-02-28 14:26
Hegrenes, Rune Standnes	BANKID	2025-02-28 11:07
Kildehaug, Tora Hodneland	BANKID	2025-02-28 15:42
Mo, Rasmus	BANKID	2025-02-28 12:09
Kjeldsberg, Kristina	BANKID	2025-02-28 11:25
Wie, Marion Aas	BANKID	2025-02-28 11:25



This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Signering av årsrapport 2024 for Teater Vestland

Årsrapporten for 2024 er godkjend av styret i sak 14/25, behandla i styremøte den 21.05.2025.

Rapporten inkluderer årsrekneskap og årsberetning for 2024, som er signert av heile styret, samt ein samla gjennomgang av verksemda i 2024.

Førde, 31.05.2025

Styreleiar

Rasmus Mo

Konstituert Teatersjef

Kristina Kjeldsberg

Dokumentet er signert digitalt av:

- Mo, Rasmus (11.01.1959), 31.05.2025
- Kjeldsberg, Kristina (24.01.1973), 31.05.2025

Forseglet av



Posten Norge